

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 13.09.2019
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Helse Stavanger HF - orientering om klagesaker til Klagenemnda for offentlege anskaffingar**

ARKIVSAK: 2019/8050
STYRESAK: **098/19**

STYREMØTE: **30.09.2019**

Administrerende direktør si orientering pkt. 5

I styremøte 5. september 2019 blei det i tilknytning til sak 078/19 *Administrerende direktør si orientering*, punkt 1, *Rapportering tilsynssaker*, reist spørsmål om nærare orientering kring to klagesaker for Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) knytt til prosjektet SUS2023.

Helse Stavanger HF har for utbyggingsprosjektet på Ullandhaug vald byggherrestyrte delte entreprisar. Det gir ein lang rekke konkurransar som følgjer reglane i lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Det inneber at også bruk av klageinstituttet blir ein del av desse prosessane. Dette gjeld for alle offentlege oppdragsgivarar.

Det er ei kjend sak at terskelen for bruk av KOFA er låg. Det kostar lite (berre ein symbolsk sum), og i mange saker ser ein at den som blir nummer to i ein konkurranse ofte klager for å få innsyn i årsaka til at dei ikkje nådde heilt opp. Nokre selskap har nærast dette som strategi og leverar automatisk ei klage dersom dei blir nummer to. Det er Helse Stavanger sin vurdering at til tross for dette utgangspunktet har dei vore spart for den store mengda klager.

I tillegg til dei to sakene som var nemnde i tilsynsrapporteringa i styremøte 5. september, svarer Helse Stavanger HF ut fleire klagesaker i direkte dialog med klagaren. Etter ein slik runde konkluderer ofte klagaren med at dei ikkje går vidare med saka. Helse Stavanger sin eigenvurdering er at dei gjennomfører sine konkurransar på ein ryddig måte. Dei fleste klager

eller spørsmål i etterkant av konkurransar blir handtert av prosjektet sitt eige anskaffingsteam. I nokre tilfelle blir det også nytta ekstern advokat.

I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei to aktuelle sakene. Ingen av klagen omhandlar val av entreprisemodell. Det er Helse Stavanger sin vurdering av kvalitetskriteriet og oppfylling av grunngevingsplikta som er tema i begge sakene.

1) KOFA-sak 2019/294 – K3601 Luftanlegg Bygg A-B

22. mars 2019 sendte Helse Stavanger HF v/SUS2023 ut intensjonsbrev der HABI AS blei innstilt som leverandør for Bygg A-B, og der GK Inneklima blei innstilt som leverandør for Bygg C-D-E. GK Inneklima bad om utvida grunngeving i karenperioden. Det blei gitt, men dei valde likevel å klage på denne innstillinga til KOFA. Sidan Helse Stavanger HF v/SUS2023 valde å vente med å signere kontrakt med HABI AS fram til KOFA hadde kome med sin avgjersle, blei denne saka behandla som ein prioritert rådgivande sak. 28. juni kom KOFA sin avgjersle.

KOFA sin konklusjon var som følgjer:

Helse Stavanger HF har brutt begrunnelsesplikten i forskriften § 25-1 (2).

Klagenemnda har ikke grunnlag for å ta stilling til klagers anførsel om at tildelingskriteriet «Kvalitet» er bedømt på en ulovlig måte.

Klagers anførsel om at valgte leverandør skulle ha vært avvist, førte ikke frem.

Saka er avslutta utan framdriftsmessige eller økonomiske konsekvensar, og kontrakten med HABI AS blei signert 12. august 2019

2) KOFA-sak 2019/380 – K5601 Byggautomatisering

Helse Stavanger HF v/SUS2023 inngikk kontrakt for K5601 Byggautomatisering med OneCo Technologies AS 16. mai 2019. Rønning Elektro AS, ein av dei andre tilbydarane i konkurransen, leverte klage til KOFA som kom prosjektet i hende 18. juni 2019.

Rønning har, med bakgrunn i påstand om mangelfull grunngeving, argumentert for at Helse Stavanger HF v/SUS2023 har brote krava til *forutberegnelighet* og *etterprøvbarhet* etter anskaffingslova § 4. Dei har vidare peikt på at mangelfull grunngeving har ført til ein uforsvarleg vurdering av tildelingskriteriet *Oppgaveforståelse*, som igjen har medført at ein ikkje har vald det tilbodet med best forhold mellom kvalitet og pris.

Anførslane er tilbakevist i tilsvar til KOFA, der det blei gjort greie for bakgrunnen for vurderinga, og at grunngevinga etter Helse Stavanger HF v/SUS2023 sin vurdering ikkje var mangelfull, og at klagens anførslar ikkje kan føre fram.

Med bakgrunn i at kontrakt er inngått, vil ikkje KOFA gi ein prioritert rådgivande uttale. Sakshandsamingstida er p.t. berekna til om lag 12 månader.